

Ypsøy Kystgard  
Øpso 17  
5917 Rossland

15.03.2021

Statsforvaltaren Vestland  
C/O Alver kommune  
v/ Saksbehandlar Maya Riise

**Klage på vedtak om utbetaling av regionalt miljøtilskudd søknadsomgang 2020 – Vestland  
Org.nr. 985006318.**

Det går fram av vedtaket at me kun får tilskudd for 2 daa Verdifull veglaust jordbrukslandskap.

Dette meiner me må vere feil.

I 2018 fekk me tilskudd for 25 daa, total kr. 25.000,-. I 2019 fekk me tilskudd for 23 daa, totalt kr. 23000,-. Og no for 2020 er det føreslege godkjent kun 2 daa, totalt kr. 2.000,-. Alle åra har me drive økologisk på same måte og på same areal.

Det verkar som regelverket gjer det vanskelegar og vanskelegara for oss som ønskjer å forvalte kulturlandskapet på veglause gardar.

Med grunnlag i utarbeidd forvaltingsplan har me dei siste 20 åra forvalta tekniske, biologiske og estetiske verdiar på Ypsøy med enkle midlar og lettare maskinar.

Slått av fulldyrka og overflatedyrka areal vert gjort med ryddesag og graskniv. Arealet vert slått, men kvaliteten på føret har ikkje vorte godt nok, slik at me har måtta kjøpt tørrhøy for å tilleggsføra sauene. Dyra beiter mykje i lyngheia i vinterhalvåret, men me må alltid å ha tørrhøy tilgjengeleg. Denne vinteren har vore hard både for dyr og menneske.

Tilskudd til skjøtsel av lokalt viktig slåttemark og verdifull strandeng er også fjerna. Me legg ned mange timar på desse areala for å ta vare på det biologiske mangfaldet utan å få noko særlig igjen for det. At eit lite oppmuntrande tilskudd også er fjerna frå desse areala er uforståeleg.

Er ikkje nettopp formålet med dette tilskotet å stimulere til forvaltning av slike areal?

For vår del kjennes det meningslaust å leggja ned dagevis med arbeid på desse areala når me føler at ikkje ein gong Statsforvaltaren ser verdien i arbeidet.

Etter vår meining står heile miljøprogrammet for fall.

Med helsing

Vigleik M. Ypsøy